

Haugesund kommune

Postboks 2160

5504 HAUGESUND

Deres ref.:
20/26146

Vår ref.:
21/03941-2

Dato:
25.06.21

Høringsinnspill fra Høgskulen på Vestlandet - Forslag til Kommunedelplan for Klima- og energi 2021-2030

Høgskulen på Vestlandet (HVL) har lest Haugesund kommune sitt forslag til Kommunedelplan for Klima- og energi 2021-2030 med vedlagt Handlingsdel og vil gjerne komma med innspel. Frå HVL si side er det viktig å få understreka at ny kompetanse blir tileigna gjennom forskning, utviklingsarbeid og samarbeid og me meiner at det bør komma klårare fram i planen.

Det vil i planperioden vera naudsynt med kompetanseheving hos kommunen sine tilsette, i kommunen sitt næringsliv og andre offentlege aktørar i kommunen, i tillegg til born og unge i skulane og barnehagane. Samarbeid med utdanningsinstitusjonane er også nødvendig for at dei skal vera treffsikre i utdanningstilboda på både når det gjeld vidaregåande nivå og høgare utdanning.

Saman med kompetanseheving er det naudsynt å jobba saman for å løysa utfordringane som kjem, og kommunen må og stilla krav til næringsaktørane om samhandling på tvers av aktørane. Me har eit felles ansvar for å bruka samhandlingsarenaer for å kopla kompetanse til dei klimautfordringane som skal løysast. HVL sin fleircampusstruktur vil kunne støtte opp under kompetansebehov som er særskilt etterspurt i Haugesund. Kunnskap utvikla ved andre campusar ved HVL, som Stord, Bergen, Førde og Sogndal, kan komma Haugesund kommune til gode. Mykje av forskinga som HVL gjer er retta mot nettopp løysingar for eit samfunn som skal møte samfunnsutfordringane relatert til FN sine berekraftsmål fram mot år 2030. I den samanhengen er det nødvendig å tenkja kompetanse i ei breiare forståing enn det som konkret er knytt til klima.

For å lykkast med klima- og energimål vil det vera behov for andre kompetansar som til dømes digitalisering, sikkerheit, og delingsøkonomi, og i tillegg bør kommunen bidra med å stilla krav til dette meiner me at de i større grad bør inkludera i planen. Lykke til med det vidare planarbeidet .

Med helsing

Liv Reidun Grimstvedt

Ingvild Brekke Myhre

Prorektor for samhandling

Seniorrådgiver

Postadresse
Høgskulen på Vestlandet
Postboks 7030
5020 Bergen
post@hvl.no

Telefon
+47 55585800
Internett
www.hvl.no
Org.nr. 917 641 404

Fakturaadresse
Høgskulen på Vestlandet
Fakturamottak
Postboks 363 Alnabru
0164 Oslo

Avdeling
AKS - Avdeling for
kommunikasjon
og
samfunnskontakt

Saksbehandler
Ingvild Brekke Myhre
Telefon: +4790206637

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrivne signaturar.

Kopi til: Prorektor for samhandling AKS v/Liv Reidun Grimstvedt, ADU - Avdeling for arealforvaltning, drift og utvikling v/Siri Smith

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
Haugesund kommune		Postboks 2160	5504 HAUGESUND